

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201101826-5/522/STIASL

Dykkar ref.:

Bergen, 14. april 2011

Uttale frå Hordaland fylkeskommune til høyring om Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR.)

Fylkesutvalet i Hordaland har i sitt møte 28.04.2011 sak 67/11 gjort følgjande vedtak:

Fylkesutvalet sluttar seg til innhaldet i høyringsdokumenta med følgjande kommentarar:

1 Punkt 3: Grunnkompetanse

Det ei relativt stor gruppe som ender opp med dette nivået, og det er soleis ein viktig kategori å ha med i NKR. Det er ein del utfordringar når det gjeld læringsutbytteomtale, fordi det er ei svært differensiert gruppe som vil falle inn under dette nivået. Hordaland fylkeskommune meiner at ein bør jobba meir med innhaldet eller eventuelt nytta delkvalifikasjoner for å få fram kva (del)nivå det er mogleg å ha innan dette nivået.

2. Punkt 6: Fagskulenivået

Det er viktig at toårig fagskuleutdanning vert sett i samanheng med eit vidare løp til nivå 5. Innan dei tekniske fagskuleutdanningane eksisterar det to pluss to løp for fagskulestudentar som ynskjer å byggje vidare til ein bachelorgrad. Det er viktig at denne moglegheita vert meir utbreidd, og at det er enklare for studentar på fagskule 2 å få godskriving for noko av utdanninga i høve til vidare utdanning på bachelornivå.

I høve til maritim og petroleumsteknisk utdanning er det ei aktuell problemstilling at utløysing av dei høgste maritime sertifikata DV/ M1, eller høgste stilling innan petroleum (Børesjef/ subsea) ikkje vert verdsett. For å oppnå DV/ M1 eller høgste stilling innan petroleum må ein arbeide i to år etter fagskuleutdanninga. Det vil vere ein føremon om utløysing av sertifikata/ høgste stilling gjev innpass i nivå 5.

Hordaland fylkeskommune meiner det er viktig at det nye rammeverket opnar for verdsetting av verdiar og læringsmål som ikkje så lett kan kvantifiserast, men som m.a. er vektlagt i den generelle læreplanen for grunnopplæringa.

Stig Aasland
Rådgjevar
Opplæringsavdelinga
Hordaland fylkeskommune

